



MØTEBOK 06/26

FORMANNSKAPET

Møtedato: 09.06.2026**Møtetid:**

Kl. 15:00 - 19:05

Møtestad: Sula rådhus, 4. etg**Saksnr.:**

048/26 – 065/26

Følgjande medlem møtte

Jim Arve Røssevoll

Karoline Antonie Slinning

Bendik Valseth Havnegjerde

Turid Kristin Sand Humlen

Åse Petrin Vegsund

Parti

AP

AP

FRP

H

KRF

Forfall meldt frå følgjande medl.

Martin Nicolai Skår

Nils Erik Bjørkavåg

Parti

FRP

H

Følgjande varamedlem møtte

Kjell Petter Dyb

Vibeke Bjørkavåg

Parti

FRP

H

Møteleiar:	Turid Kristin Sand Humlen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, kommunalsjef Gunhild Fjeldvig Tørlen (helse og meistring), HR-leiar Torry Larsen, einingsleiarane Terje Havnegjerde (fungerande einingsleiar kommunalteknikk / seniorrådgivar), John-Magne Eikrem (eigedom), fagleiar økonomi Per-Arne Christensen (økonomi) rådgivar Per-Vidar Sæhaug (eigedom) og politisk koordinator Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand. Saksdokumenta til møtet har vore tilgjengelege for politikarane på møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	Ok.
Utlevert i møtet:	Notert under behandlinga av sak 049/26
Diverse:	-

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
048/26	Godkjenning av møtebok nr. 05/26	
049/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025	
050/26	Rapport om finansforvaltning pr 30.04.2026	
051/26	Budsjettkontroll 1. tertial 2026	
052/26	Sal av Måseide skule etter bod frå Statsbygg	
053/26	Barne- og avlastningsbustader – Status og vidare framdrift	
054/26	Forstudie Tenestehus – Rapport, anbefaling og vegen vidare	
055/26	Nausthaugen – Status og vegen vidare	
056/26	Gnr 64 bnr 7 og 9 - Detaljplan for Nausthaugen. Val av brualternativ.	
057/26	Søknad om jaktrett på kommunal grunn	
058/26	Søknad om kommunal overtaking av drift- og vedlikehaldsansvar for turløypene på indre Sula	
059/26	Gnr 91 bnr 19 - Søknad om overdraging av heimel - Vonløypa - Jarnesløa	
060/26	Forskrift om påslepp av olje-, feitthaldig og industrielt avløpsvatn til offentleg avløpsnett - høyring	
061/26	Brann- og redning - Samarbeidsavtale	
062/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sula kommune.	
063/26	Høyringsuttale frå Sula kommune - forslag til endringar i vallova	
064/26	NRK TV-aksjonen 2026 - Flyktningshjelpen (NRC) - Sammen for mennesker på flukt	
065/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	

048/26: Godkjenning av møtebok nr. 05/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

F - 048/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

049/26: Årsrekneskap og årsmelding 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret godkjenner Sula kommune sin årsrekneskap for 2025.

Kommunestyret godkjenner Sula kommune si årsmelding for 2025.

Kommunestyret tek Tilstandsrapport 2025 Barneverntenesta Sula kommune til vitande.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Kommunedirektør ved fagleiar økonomi orienterte om:

- økonomisk resultat 2025
- fire hovudgrep for å få balanse i økonomien.

Kommunedirektør orienterte om årsmelding del 2. Utvalet fekk utlevert på papir internt arbeidsdokument knytt til bl.a.

- samfunnsmål 1 "Barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår"
- samfunnsmål 2 "Inkluderande samfunn for innbyggjar i alle livsfasar"
- samfunnsmål 3 "Sula kommune er ei trygg kommune for folk og natur"
- samfunnsmål 4: "I Sula samarbeider kommunen, næringslivet, frivilligheita og innbyggjarane"

Desse interne dokumenta som set fokus på status måloppnåing, utfordringar og risikoar, og vegen vidare, vil bli ferdigstilt og gjort offentleg etter at saka er ferdigbehandla av kommunestyret 17.06.26.

Presentasjonen vil bli gjort tilgjengeleg blant sakspapira til denne saka.

Ordførar kommenterte at tittelen på saka bør bli endra til Årsrekneskap og årsmelding 2025.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Ordførar orienterte om Levekårsutvalet si innstilling frå møte 08.06.25:

Kommunestyret godkjenner Sula kommune sin årsrekneskap for 2025.

Kommunestyret godkjenner Sula kommune si årsmelding for 2025 med endring av at siste setning under heiltidskultur blir erstatta med "Sula kommune vil arbeide aktivt for at alle tilsette skal ha moglegheit til 100 % stilling."

Kommunestyret tek tilstandsrapport 2025 barneverntenesta Sula kommune til vitande.

Ved avstemming sette ein kommunedirektør si innstilling opp mot vedtak frå levekårsutvalet. Vedtaket frå levekårsutvalet vart samrøystes tilrådd.

F - 049/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner Sula kommune sin årsrekneskap for 2025.

Kommunestyret godkjenner Sula kommune si årsmelding for 2025 med endring av at siste setning under heiltidskultur blir erstatta med "Sula kommune vil arbeide aktivt for at alle tilsette skal ha moglegheit til 100 % stilling."

Kommunestyret tek tilstandsrapport 2025 Barneverntenesta Sula kommune til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 08.06.2026

Utvalet fekk utlevert på papir internt arbeidsdokument om samfunnsmål 1 - "Barn og unge i Sula skal ha gode oppvekstvilkår" og samfunnsmål 2 - "Sula kommune har inkluderande og aldersvenlege lokalsamfunn". Desse interne dokumenta vil bli ferdigstilte og gjort offentlege etter at saka er ferdigbehandla av kommunestyret 17.06.26.

Kommunedirektør orienterte.

Det var ei lengre runde med spørsmål og svar.

Utvalet ønsker for framtida litt meir djuptgåande informasjon om avgrensa tema slik at ein kan få meir inngåande kunnskap om enkelte tema.

Terje Holmedal (AP):

Erstatte siste setning i omtalen av heiltidskultur, jf s 29 i årsmeldinga del 2 med:

Sula kommune vil arbeide aktivt for at alle tilsette skal ha moglegheit til 100 % stilling.

Grunnlag for forslaget:

Sula kommune som arbeidsgivar bør ikkje i sluttkommentaren legge vekt på dei tilsette som ikkje ynskjer auke i stilling. Dette er å sende negative signal til dei som ynskjer auke.

Ved avstemming vart kommunedirektør si innstilling samrøystes vedtatt.

Endringsforslaget til Terje Holmedal var vedtatt med 6 mot 1 stemme (KrF).

LEV - 011/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner Sula kommune sin årsrekneskap for 2025.

Kommunestyret godkjenner Sula kommune si årsmelding for 2025 med endring av at siste setning under heiltidskultur blir erstatta med "Sula kommune vil arbeide aktivt for at alle tilsette skal ha moglegheit til 100 % stilling."

Kommunestyret tek tilstandsrapport 2025 barneverntenesta Sula kommune til vitande.

050/26: Rapport om finansforvaltning pr 30.04.2026**Kommunedirektøren si innstilling:**

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Kommunedirektør ved fagleiar økonomi orienterte. Presentasjonen vil bli gjort tilgjengeleg blant sakspapira til sak 049/26 - årsrekneskap og årsmelding 2025.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 050/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

051/26: Budsjettkontroll 1. tertial 2026**Kommunedirektøren si innstilling:**

Sula kommunestyre tek budsjettkontrollen for 1. tertial 2026 til vitande.

Sula kommunestyre vedtek kjøp av nødaggregat til Sula rådhus. Dette gir følgende endring i investeringsbudsjettet:

Nødaggregat på Sula rådhus	Beløp
0.5. Investering: Nødaggregat på Sula rådhus	2 500 000
0.8. Refusjon merverdiavgift	-500 000
0.8. Bruk av lån	-2 000 000
SUM	0

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Kommunedirektør ved fagleiar økonomi orienterte. Presentasjonen vil bli gjort tilgjengeleg blant sakspapira til sak 049/26 - årsrekneskap og årsmelding 2025.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 051/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek budsjettkontrollen for 1. tertial 2026 til vitande.

Sula kommunestyre vedtek kjøp av nødaggregat til Sula rådhus. Dette gir følgende endring i investeringsbudsjettet:

Nødaggregat på Sula rådhus	Beløp
0.5. Investering: Nødaggregat på Sula rådhus	2 500 000
0.8. Refusjon merverdiavgift	-500 000
0.8. Bruk av lån	-2 000 000
SUM	0

052/26: Sal av Måseide skule etter bod frå Statsbygg

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Sula formannskap vedtek å akseptere tilbodet frå Statsbygg på kr 3,68 MNOK for skuledelen av gbnr. 73/66 på ca. 6900 kvm på vilkår slik det går fram av denne saka med vedlegg.
2. Eventuelle kostnader dersom ballbingen i tomtegrensa må fjernast, skal finansierast av salsinntektene frå skuletomta.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Vi ønsker å få ei sak der vi kan finne ein høveleg plass for Musikkbingen. Kan då vurdere om ein kan samlokalisere musikkbingen med Donken fritidsklubb.

Turid Humlen (H):

Formannskapet må på seinare tidspunkt få informasjon om kva ein tenker om ballbingen, musikkbingen og aktiviteten ved Solstrand.

Med desse kommentarane vart innstillinga samrøystes tilrådd.

F - 052/26 Vedtak:

1. Sula formannskap vedtek å akseptere tilbodet frå Statsbygg på kr 3,68 MNOK for skuledelen av gbnr. 73/66 på ca. 6900 kvm på vilkår slik det går fram av denne saka med vedlegg.
2. Eventuelle kostnader dersom ballbingen i tomtegrensa må fjernast, skal finansierast av salsinntektene frå skuletomta.

053/26: Barne- og avlastningsbustader – Status og vidare framdrift

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret tek saka til vitande.

Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til, etter å ha slutført forprosjektet, å lyse ut byggeprosjektet med atterhald om politisk godkjenning.

Kommunestyret skal ha saka opp til ny handsaming og eventuell godkjenning før kontrakt kan inngåast og hovudprosjektet kan startast opp.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Kommunedirektør orienterte.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 053/26 Vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande.

Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til, etter å ha slutført forprosjektet, å lyse ut byggeprosjektet med atterhald om politisk godkjenning.

Kommunestyret skal ha saka opp til ny handsaming og eventuell godkjenning før kontrakt kan inngåast og hovudprosjektet kan startast opp.

054/26: Forstudie Tenestehus – Rapport, anbefaling og vegen vidare

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret gir si tilslutning til anbefalinga i forstudien om å arbeide vidare med konseptet «**A3 Slank sambruk**», jf. vedlagde forstudierapport.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren:
 - a. Arbeide vidare med å sikre eigna tomt for tenestehus i Langevåg sentrum
 - b. Leggje fram sak om erverv eller tilrettelegging av tomt for bygging av tenestehus,
 - c. Gjennomføre forprosjekt for etablering av tenestehuset i tråd med forstudien.

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere inntil 2 mill. kroner til forprosjektet i 2026. Midlane blir finansierte gjennom udisponerte lånemidler og momskompensasjon.
4. Kostnadene til forprosjektet skal inngå i det samla investeringsbudsjettet for tenestehuset slik det er lagt til grunn i økonomiplan 2026–2029.
5. Kommunestyret legg til grunn at tenestehuset skal planleggjast som eitt samla byggetrinn.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 054/26 Vedtak:

1. Kommunestyret gir si tilslutning til anbefalinga i forstudien om å arbeide vidare med konseptet «**A3 Slank sambruk**», jf. vedlagde forstudierapport.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren:
 - a. Arbeide vidare med å sikre eigna tomt for tenestehus i Langevåg sentrum
 - b. Leggje fram sak om erverv eller tilrettelegging av tomt for bygging av tenestehus,
 - c. Gjennomføre forprosjekt for etablering av tenestehuset i tråd med forstudien.
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere inntil 2 mill. kroner til forprosjektet i 2026. Midlane blir finansierte gjennom udisponerte lånemidler og momskompensasjon.
4. Kostnadene til forprosjektet skal inngå i det samla investeringsbudsjettet for tenestehuset slik det er lagt til grunn i økonomiplan 2026–2029.
5. Kommunestyret legg til grunn at tenestehuset skal planleggjast som eitt samla byggetrinn.

055/26: Nausthaugen – Status og vegen vidare

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å gå vidare i prosessen slik den er omtalt i denne saka.
2. Sak om salsutlysing av kommunal tomt ved Nausthaugen vert lagt fram til politisk handsaming før utlysing

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Vibeke Bjørkavåg (H) stilte spørsmål om moglegheitsstudiet er i tråd med reguleringsplanen.
Dette vart drøfta.

Turid Humlen (H):

Til kommunestyret må vi få sikker kunnskap om at moglegheitsstudiet er i tråd med reguleringsplanen.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 055/26 Vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å gå vidare i prosessen slik den er omtalt i denne saka.
2. Sak om salsutlysing av kommunal tomt ved Nausthaugen vert lagt fram til politisk handsaming før utlysing

056/26: Gnr 64 bnr 7 og 9 - Detaljplan for Nausthaugen. Val av brualternativ.

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Sula kommunestyre legg til grunn at framtidig trafikkbelastning frå utbygging på Nausthaugen, saman med dagens trafikksituasjon på strekninga Solavågen–Pebakken, gjer det nødvendig å oppgradere veg- og bruinfrastrukturen i området.
2. Sula kommunestyre vedtek å gå vidare med alternativ 6 – ny betongbru med to køyrefelt og eitt felt for mjuke trafikantar.
3. Investeringa vert finansiert gjennom bruk av lån og refusjon av meirverdiavgift som ei mellombels finansiering i påvente av framtidige inntekter frå sal av tomter på Nausthaugen. Dette gjev følgjande budsjettendring:

Bru Pebakken	Budsjett 2026	Budsjett 2027	SUM
0.7. Bru Pebakken	5 000 000	12 500 000	17 500 000
0.7. Refusjon merverdiavgift	-1 000 000	-2 500 000	-3 500 000
0.8. Bruk av lån	-4 000 000	-10 000 000	-14 000 000
SUM	0	0	0

Investeringsløyving for 2027, samt utgifter til renter og avdrag, vert innarbeidde i budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å starte detaljprosjektering av alternativ 6.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Saka vart drøfta.

Ut frå drøftingane kom kommunedirektør med nytt punkt 5:

Kommunestyret legg til grunn at delar av investeringa i veg- og bruinfrastruktur skal finansierast gjennom refusjon frå framtidige utbyggingsområde som får nytte av infrastrukturen. Kommunedirektøren vert beden om å sikre at dette vert vurdert og innarbeidd gjennom utbyggingsavtalar, refusjonsordningar eller andre lovlege finansieringsmodellar i samsvar med plan- og bygningslova.

Kommunedirektøren si justerte innstilling vart samrøystes tilrådd.

F - 056/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre legg til grunn at framtidig trafikkbelastning frå utbygging på Nausthaugen, saman med dagens trafikksituasjon på strekninga Solavågen–Pebakken, gjer det nødvendig å oppgradere veg- og bruinfrastrukturen i området.
2. Sula kommunestyre vedtek å gå vidare med alternativ 6 – ny betongbru med to køyrefelt og eitt felt for mjuke trafikantar.
3. Investeringa vert finansiert gjennom bruk av lån og refusjon av meirverdiavgift som ei mellombels finansiering i påvente av framtidige inntekter frå sal av tomter på Nausthaugen. Dette gjev følgjande budsjettendring:

Bru Pebakken	Budsjett 2026	Budsjett 2027	SUM
0.7. Bru Pebakken	5 000 000	12 500 000	17 500 000
0.7. Refusjon merverdiavgift	-1 000 000	-2 500 000	-3 500 000
0.8. Bruk av lån	-4 000 000	-10 000 000	-14 000 000
SUM	0	0	0

Investeringssløyving for 2027, samt utgifter til renter og avdrag, vert innarbeidd i budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å starte detaljprosjektering av alternativ 6.
5. Kommunestyret legg til grunn at delar av investeringa i veg- og bruinfrastruktur skal finansierast gjennom refusjon frå framtidige utbyggingsområde som får nytte av infrastrukturen. Kommunedirektøren vert beden om å sikre at dette vert vurdert og innarbeidd gjennom utbyggingsavtalar, refusjonsordningar eller andre lovlege finansieringsmodellar i samsvar med plan- og bygningslova.

057/26: Søknad om jaktrett på kommunal grunn

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskap vedtek å legge til rette for bruk av kommunal grunn til jakt for den frivillig organisasjon Sula Jeger og Fiskerforening, ved å inngå avtale på vilkår. Eigedomane avtalen gjeld for er gnr./bnr.: 94/4, 113/6, 113/30, 113/61 og 114/2. Innstillinga er grunngjeve med at Nordre Sunnmøre landbrukskontor som fagmynde meiner dette er eit alternativ som gir berekraftig bruk av kommunal grunn, god forvaltning av naturen og vil kunne rekruttere jegere som kan ta del i fallviltarbeidet for Sula kommune. Fallviltarbeidet er ei lovfesta plikt Sula kommune har ansvar for.

Jakt for fleire er i tråd med Samfunnsplan sin visjon om å lykkast saman. Sula kommune sei med dette opp avtalen med Arne Aakre, Sondre Aakre og Erik Kroken for løyve til jakt på kommunal grunn. Skriftleg varsel for oppseiing av avtale er sendt den 23.04.2026. Sula Jeger og fiskeforening kan signere avtale med Sula kommune frå 06.09.2026.

Vilkår for rett til bruk av kommunal grunn:

- Sula jeger og fiskeforening skal halde seg til reglene i Sula hjorteviltvald. Brudd på reglene kan føre til oppseiing av inngått avtale.
- Organisasjonen skal arrangere «introjakt» etter hjort og rådyr, fortrinnsvis for medlemmar.
- Organisasjonen får organisere jakt og tildele jaktkort innan området, til sine medlemmar. Prisar skal godkjennast av Sula kommune som grunneigar.
- Sula jeger og fiskeforening kan ikkje melde eigeidomen ut/inn av vald.
- Sula jeger og fiskeforening kan ikke representere grunneier i saker om vald/bestandsplan.

Avtalen gir rett til jakt på område og Sula kommune sin rollen som grunneier er ivare tatt.

Sula kommune kan ta betaling for bruk av kommunal grunn.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Stilte spørsmål ved habiliteten sin då to av partane i gjeldande avtale, Arne Aakre og Sondre Aakre, er høvesvis søskenbarn til far hans og tremenningen hans.

Jim Arve Røssevoll (AP):

Stilte spørsmål ved habiliteten sin då han er medlem i Sula jeger- og fiskerforening.

Begge gjekk frå. Ingen møtande vara.

5 stemmeføre.

Kommunedirektøren la til grunn at ingen av dei aktuelle personane er automatisk inhabile etter forvaltningslova § 6 første ledd. Spørsmålet om habilitet må då bli vurdert etter § 6 andre ledd, som gjeld tilfelle der det ligg føre særlege forhold som kan svekke tilliten til vedkomande sin upartiskheit. Etter ei samla vurdering fann kommunedirektøren ikkje at det føreligg slike særlege forhold som tilseier inhabilitet etter andre ledd.

Eit samrøystes formannskap konkluderte deretter med at Bendik Valseth Havnegjerde og Jim Arve Røssevoll er habile til å delta i behandlinga av saka.

Dei kom til att.

7 stemmeføre.

Jim Arve Røssevoll (AP):

Som kommunedirektør si innstilling, men der vi justerer 2. kulepunkt slik:

Intensjonen er at området skal bli brukt til å arrangere «introjakt» etter hjort og rådyr, fortrinnsvis for medlemmar.

Kommunedirektør si innstilling med tilleggspunkt frå Jim Arve Røssevoll vart samrøystes tilrådd.

F - 057/26 Vedtak:

Formannskap vedtek å legge til rette for bruk av kommunal grunn til jakt for den frivillig organisasjon Sula Jeger og Fiskeforening, ved å inngå avtale på vilkår. Eigedomane avtalen gjeld for er gnr./bnr.: 94/4, 113/6, 113/30, 113/61 og 114/2.

Innstillinga er grunngjeve med at Nordre Sunnmøre landbrukskontor som fagmynde meiner dette er eit alternativ som gir berekraftig bruk av kommunal grunn, god forvaltning av naturen og vil kunne rekruttere jegere som kan ta del i fallviltarbeidet for Sula kommune. Fallviltarbeidet er ei lovfesta plikt Sula kommune har ansvar for.

Jakt for fleire er i tråd med Samfunnsplan sin visjon om å lykkast saman.

Sula kommune sei med dette opp avtalen med Arne Aakre, Sondre Aakre og Erik Kroken for løyve til jakt på kommunal grunn. Skriftleg varsel for oppseiing av avtale er sendt den 23.04.2026. Sula Jeger og fiskeforening kan signere avtale med Sula kommune frå 06.09.2026.

Vilkår for rett til bruk av kommunal grunn:

- Sula jeger og fiskeforening skal halde seg til reglene i Sula hjorteviltvald. Brudd på reglene kan føre til oppseiing av inngått avtale.
- Intensjonen er at området skal bli brukt til å arrangere «introjakt» etter hjort og rådyr, fortrinnsvis for medlemmar.
- Organisasjonen får organisere jakt og tildele jaktkort innan området, til sine medlemmar. Prisar skal godkjennast av Sula kommune som grunneigar.
- Sula jeger og fiskeforening kan ikkje melde eigedomen ut/inn av vald.
- Sula jeger og fiskeforening kan ikke representere grunneier i saker om vald/bestandsplan.

Avtalen gir rett til jakt på område og Sula kommune sin rollen som grunneier er ivaretatt.

Sula kommune kan ta betaling for bruk av kommunal grunn.

058/26: Søknad om kommunal overtaking av drift- og vedlikehaldsansvar for turløypene på indre Sula

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Sula kommunestyre ønskjer å vidareføre og styrkje støtta til lysløypene som viktige folkehelse- og friluftstiltak for innbyggjarane i kommunen, men kan ikkje imøtekomme søknaden til Sula Sportsklubb slik det er ønske om.
2. For å sikre likebehandling mellom lysløypene ved Vassetvatnet, Eikrem og Sundsmyra vert det inngått like avtalar med Langevåg IL og Sula Sportsklubb der kommunen dekkjer dokumenterte straumutgifter knytt til drift av lysanlegga.
3. Sula kommune overtek ikkje drifts- og vedlikehaldsansvaret for lysanlegga. Drift, vedlikehald, oppgraderingar og investeringar skal framleis handterast av eigarane av anlegga og finansierast gjennom eigne midlar, spelemidlar og kommunale eller fylkeskommunale tilskotsordningar.
4. Gjeldande vedtak K-112/14 om kommunalt drift- og vedlikehaldsansvar for lysanlegget ved Vassetvatnet vert erstatta med ny ordning for dekning av dokumenterte straumutgifter etter punkt 2.
5. Kommunen skal også framover kunne bidra til utvikling av lysanlegga gjennom etablerte ordningar for kommunale tilskot, kommunal lånegaranti og forskottering av spelemidlar.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Fellesforslag utarbeidd i møtet:

Nytt punkt 1:

Sula kommunestyre ønsker å støtte Sula Sportsklubb med inntil kr 1.075.000 som eingongssum etter søknad. Dette til utbetring av lysanlegga. Dette under føresetnad av at dei søker om spelemidlar til tiltaka.

Sula Sportsklubb blir då gitt moglegheit til å kombinere kommunal støtte med dugnadsarbeid og eigne midlar til å realisere lysløypene.

Finansiering gjennom auka bruk av disposisjonsfond.

Ved avstemming sette ein kommunedirektør si innstilling opp mot fellesforslaget. Fellesforslaget vart samrøystes tilrådd.

F - 058/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre ønsker å støtte Sula Sportsklubb med inntil kr 1.075.000 som eingongssum etter søknad. Dette til utbetring av lysanlegga. Dette under føresetnad av at dei søker om spelemidlar til tiltaka. Slik blir Sula Sportsklubb gitt moglegheit til å kombinere kommunal støtte med dugnadsarbeid og eigne midlar til å realisere lysløypene. Finansiering gjennom auka bruk av disposisjonsfond.
2. For å sikre likebehandling mellom lysløypene ved Vassetvatnet, Eikrem og Sundsmyra vert det inngått like avtalar med Langevåg IL og Sula Sportsklubb der kommunen dekkjer dokumenterte straumutgifter knytt til drift av lysanlegga.

3. Sula kommune overtek ikkje drifts- og vedlikehaldsansvaret for lysanlegga. Drift, vedlikehald, oppgraderingar og investeringar skal framleis handterast av eigarane av anlegga og finansierast gjennom eigne midlar, spelemidlar og kommunale eller fylkeskommunale tilskotsordningar.
4. Gjeldande vedtak K-112/14 om kommunalt drift- og vedlikehaldsansvar for lysanlegget ved Vassetvatnet vert erstatta med ny ordning for dekning av dokumenterte straumutgifter etter punkt 2.
5. Kommunen skal også framover kunne bidra til utvikling av lysanlegga gjennom etablerte ordningar for kommunale tilskot, kommunal lånegaranti og forskottering av spelemidlar.

059/26: Gnr 91 bnr 19 - Søknad om overdraging av heimel - Vonløypa - Jarnesløa

Kommunedirektøren si innstilling:

Saka legges fram med to alternative innstillingar:

Alternativ 1:

Sula formannskap vedtek å tilby Vonløypa å kjøpe kommunal eigedom med gnr. 91 bnr 19 til ein pris på kr. 1,-. Alle kostnader i samband med overdraginga skal dekkast av Vonløypa.

Sula kommune har forkjopsrett ved eventuelt sal av eigedomen.

Alternativ 2:

Sula formannskap vedtek å tilby Vonløypa ein ny leigeavtale på samme vilkår som dagens leigeavtale. Den nye avtalen får ein varighet på 20 år.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Saka vart drøfta. Det var ei runde med spørsmål og svar.

Søknaden låg ikkje ved, hovudpunkta ved søknaden vart lest opp.

Turid Humlen (H):

Framtidige planar for utvikling av området må kome i eigen søknad.

Ved avstemming fekk alternativ 1 ingen stemmer og falt. Alternativ 2 med tilleggspunkt vart samrøystes vedtatt.

F - 059/26 Vedtak:

Sula formannskap vedtek å tilby Vonløypa ein ny leigeavtale på samme vilkår som dagens leigeavtale. Den nye avtalen får ein varighet på 20 år.

Framtidige planar for utvikling av området må kome i eigen søknad.

060/26: Forskrift om påslepp av olje-, feitthaldig og industrielt avløpsvatn til offentlig avløpsnett - høyring

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula formannskap vedtek at *forskrift om påslepp av olje-, feitthaldig og industrielt avløpsvatn til offentlig avløpsnetter* blir lagt ut på høyring med frist til uttale 10. august 2026.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

F - 060/26 Vedtak:

Sula formannskap vedtek at forskrift om påslepp av olje-, feitthaldig og industrielt avløpsvatn til offentlig avløpsnetter blir lagt ut på høyring med frist til uttale 10. august 2026.

061/26: Brann- og redning - Samarbeidsavtale

Kommunedirektøren si innstilling:

Sak om samarbeidsavtale med Ålesund Brannvesen blir tatt til vitande.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Viser til side 21 i samarbeidsavtalen og 3. setning i punktet om tankbil. Der står at: "tjenesten kan velges bort, men den må kommunen inngå som en del av tankbilberedskapen i regionen." Dette skal bli endra til at tenesta skal bestå i Langevåg i avtaleperioden.

Stemte først over kommunedirektør si innstilling. Den vart samrøystes vedtatt. Tilleggsforslaget frå Bendik Valseth Havnegjerde vart samrøystes vedtatt.

F - 061/26 Vedtak:

Sak om samarbeidsavtale med Ålesund Brannvesen blir tatt til vitande.

Ny tredje setning under punkt om tankbil i samarbeidsavtalen side 21 skal vere:
"Tjenesten skal bestå i Langevåg i avtaleperioden."

062/26: Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sula kommune.

Kommunedirektøren si innstilling:

Forslag til vedtak:

1. Sula kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :
Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.
2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026. (Alternativ pkt 3 for HMR HF: AD i HMR peiker ut nye representantar til SSU innan 01.10.2026.)

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 062/26 Vedtak:

1. Sula kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :
"Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall."
2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026.
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før

verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026. (Alternativ pkt 3 for HMR HF: AD i HMR peiker ut nye representantar til SSU innan 01.10.2026.)

063/26: Høyringsuttale frå Sula kommune - forslag til endringar i vallova

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula formannskap peikar på at dagens ordning for førehandsrøysting blir opplevd som enkel, effektiv og tillitsskapande. Meir kompliserte rutinar som meir omfattande sortering eller bruk av konvolutt, kan svekkje veljarane si oppleving. I verste fall kan dette påverke valdeltakinga negativt noko som ikkje er ønskjeleg og på sikt kan gå ut over omdømet til vallova.

Sula formannskap meiner at endringsforslaga vil gi høgare kostnader for kommunane, meir kompliserte prosessar, større fare for feil og svakare kontroll, samstundes som den faktiske nytten er avgrensa og i stor grad kan bli oppnådd på andre måtar. Forslaget inneber ei auka detaljstyring som går imot kommunestyret sitt ønske om å sikre ein berekraftig kommunesektor, jf kommunekommisjonen si første delutredning.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 063/26 Vedtak:

Sula formannskap peikar på at dagens ordning for førehandsrøysting blir opplevd som enkel, effektiv og tillitsskapande. Meir kompliserte rutinar som meir omfattande sortering eller bruk av konvolutt, kan svekkje veljarane si oppleving. I verste fall kan dette påverke valdeltakinga negativt noko som ikkje er ønskjeleg og på sikt kan gå ut over omdømet til vallova.

Sula formannskap meiner at endringsforslaga vil gi høgare kostnader for kommunane, meir kompliserte prosessar, større fare for feil og svakare kontroll, samstundes som den faktiske nytten er avgrensa og i stor grad kan bli oppnådd på andre måtar. Forslaget inneber ei auka detaljstyring som går imot kommunestyret sitt ønske om å sikre ein berekraftig kommunesektor, jf kommunekommisjonen si første delutredning.

064/26: NRK TV-aksjonen 2026 - Flyktninghjelpen (NRC) - Sammen for mennesker på flukt

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula formannskap løyver eit direkte tilskott til NRK TV-aksjonen 2025 på kr 20.000. Tilskotet vert finansiert over formannskapet sin disposisjonskonto.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 064/26 Vedtak:

Sula formannskap løyver eit direkte tilskott til NRK TV-aksjonen 2025 på kr 20.000. Tilskotet vert finansiert over formannskapet sin disposisjonskonto.

065/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Formannskapet 09.06.2026

Åse Vegsund (KrF) viste til innsendt spørsmål. Dette vil bli stilt og besvart under kommunestyret 17.06.26.

Kjell Petter Dyb (FrP):

To passasjerbåtar har visst fått skada propell på overføringsleidningar i Vegsundet som del av arbeidet med felles reinseanlegg på Kongshaugen. Kommunedirektør vil undersøke dette.

Ordførar orienterte om behandling i levekårsutvalet sitt møte 08.06.26 i sak 012/26 "Tildeling tilskot til kultur- og idrettsformål 2026". Det kunne der sjå ut til at fysisk aktivitet og friluftsliv ikkje er ein del av tilskotsordninga noko som ikkje er i tråd med formannskapet sin intensjon då vi vedtok dei nye retningslinjene. Ordførar ber formannskapet om aksept til at vi justerer retningslinjene slik at også tiltak som legg til rette for fysisk aktivitet, friluftsliv og vedlikehald skal vere ein del av ordninga. Ein kan ikkje få tilskot til generell drift. Eit samla formannskap var samde i dette.

F - 065/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Formannskapet justerer retningslinjene for tildeling av kulturmidlar slik at også tiltak som legg til rette for fysisk aktivitet, friluftsliv og vedlikehald skal vere ein del av ordninga. Ein kan ikkje få tilskot til generell drift.